

Koordineringsutvalet

Møteprotokoll

Møtedato:	20.04.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Ordførarkontoret
Møtetid:	Kl. 10:00 - 10:40

Medlemer som møtte	Rolle
Anita Garlid Johannessen	Varaordfører
Ernst Morten Einarsen	Utvallsleiar - levekårsutvalet
Svein Otto Jacobsen	Utvallsleiar - kommuneplanutvalet
Børge Haugetun	Utvallsleiar - plan- og miljøutvalet
Johnny Breivik	Kommunedirektør
Silje Haukedal	Kommunalsjef
Anne Erdal	Kommunalsjef

Medlemer med forfall	Rolle
Marius Flesland Sylta	Kommunalsjef
Anne-Merete Vabø Haugane	Kommunalsjef
Line Barmen	Kommunalsjef
Tom Georg Indrevik	Ordfører

Frå administrasjonen elles møtte Lisbeth Lyngbø.

Møteleiar	Anita Garlid Johannessen
Møtesekretær	Beate Hetlevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

005/26: Møte i Koordineringsutvalet

Forslag til vedtak

Det er ikkje forslag til vedtak i møtet.

Koordineringsutvalet 20.04.2026

Behandling i møtet

ORIENTERINGAR

Kommunedirektøren orienterte om desse sakene:

- To-dagars samling med tillitsvalde 20.04-21.04
- Havn - Eigarmøte med Bergen Havn og andra eigarar sist veke
- Havexpo 05.05 - i år har vi ikkje eigen stand, men vi skal delta
- Beredskapsøving torsdag
- Læringsnettverk for berekraftig omstilling 29.04 - Opplegg med Statsforvaltar og KS
- 10-årsmarkering for Turøy-ulukka 29.04
- Hovudutval for samferdsel og mobilitet besøkte Øygarden 08.04 - Kommunen møtte dei på CCB - Utvalet hadde mellom anna synfaring for forprosjekt Kolltveit-Ågotnes
- Det kjem ei sak om prinsippavklaring for midlar til kyrkja i mai-møta
- Utskrivingsklare pasientar - Auka tal liggedøgn der vi ikkje har tilbod. Grunnen er press på sjukehuset og at vi har for lite sjukeheims plassar
- Overforbruk på straum etter ein kald vinter med høge straumprisar

Gjennomgang av liste over saker meldt til politisk behandling

Merknader til saker som er meldt til utvala vert ikkje omtala nærare i protokollen, men lagt inn som merknad i lista.

Ymse

Svein Otto Jakobsen - Utvalsleiar kommuneplanutvalet

Når startar arbeidet i Skogsskiftet?

Svar: Det er førebels ikkje avklart når arbeidet vil starte.

KPA – vert det kontordagar der innbyggjarane kan venda seg?

Svar: I større plansaker vil det bli vurdert å etablere kontordagar der innbyggjarane kan ta kontakt og få informasjon.

Børge Haugetun - Utvalsleiar plan- og miljøutvalet

Kva er status for avtalen knytt til toalettsaka i Kjøpmannsvågen?

Svar: Kommunen har varsla oppseiing av avtalen. Det vert no arbeidd med å gjennomgå og rydda opp i tilsvarande avtalar, slik at vi får ein meir einsarta praksis, og slik at avtalar som ikkje ligg til kommunen sitt ansvar vert avvikla.

Bestilte saker i møtet

Det var ikkje bestilt saker i møtet.

Vedtak i Koordineringsutvalet 20.04.2026 - saksnr. 005/26

Det er ikkje gjort vedtak i møtet. Det vert vist til eventuelle merknader under behandling.